

Planomtale

Detaljregulering for Ervesvika, gnr. 105 bnr. 2. Sveio kommune



Versjonslogg:

Versjon:	Merknad:	Dato:
1	1 gangs handsaming	
2		
3		

1. Innleiing/Bakgrunn

1.1	Føremål med planarbeidet	3
1.2	Eigartilhøve, forslagstillar og plankonsulent	3
1.3	Tidlegare vedtak for området	3
1.4	Krav om konsekvensutgreiing	3

2. Planprosessen

2.1	Varsel om oppstart	4
2.2	Innkome merknader til melding av oppstart.	5

3. Planstatus

3.1	Overordna planar	5
3.2	Gjeldande reguleringsplanar for området	6

4. Skildring av området

4.1	Topografi og landskap	6
4.2	Soltilhøve	9
4.3	Kulturminner og kulturmiljø	9
4.4	Bebyggelse i planområdet	13
4.5	Rekreasjonsverdi/landbruk	14
4.6	Trafikkforhold	15
4.7	Kollektivtilbod	17

5. Skildring av planframlegget.

5.1	Eiegedomsinngrep	17
5.2	Reguleringsformål	19
5.3	Strandsone og vassdrag	20
5.4	Jordressursar	20
5.5	Born og unge sine interesser	21
5.6	Forhold til krava i kapittel II i Naturmangfaldlova	21
5.7	Folkehelsa	21
5.8	Støy	22
5.9	Overvasshandtering	22
5.10	ROS analyse	22

Vedlegg til planomtale:

ROS Analyse

Merknader myndigheter

Merknader naboar

1. Innleing/bakgrunn.

1.1 Føremål med planarbeidet.

På vegne av Lars Osa vert det med dette fremma privat detaljregulering for Ervesbukta, gnr. 105 bnr. 2. Føremål med detaljregulering er å leggja til rette for 4 stk. fritidseigedomar med tilhøyrande naust.

Området har i gjeldande kommuneplan for Sveio hovudsakleg arealføremål *BH_1 kombinert byggje- og anleggs-føremål* i tillegg til eit lite areal med *LNFR-føremål* heilt i vest, og er såleis delvis i samsvar med overordna planar.

1.2 Eigartilhøve, forslagstillar og plankonsulent.

Eigedommen er eigd av Aud Jorun Selvåg Erve. Dette er mor til Linn Therese Erve som er gift med forslagstillar Lars Osa. Linn Therese Erve er ordførar i Sveio Kommune, og det vil difor vere Lars Osa som står som forslagstillar. Det er ynskjeleg at dei 4 syskena til familien skal få muligheita til å få fritidseigedom ved garden de har hatt sin oppvekst, og dei har sterk tilknytning til. Plankonsulent er Vikanes Bungum Arkitekter AS.

1.3 Tidligare vedtak for området.

Det blei i 2020 søkt om frådelling av 3 stk. hyttetomter med tilhøyrande naust med dispensasjon frå plankrav. Søknaden ble avslått med følgjande grunngjeving.

«Kommunen meiner at omsynet bak det aktuelle føremålet i kommuneplan vil verta vesentleg sett til side og det ikkje ligg føre klare fordelar. «

Dette gir eit grunnlag for å utarbeide ei reguleringsplan for området.

1.4 Krav om konsekvensutgreiing.

Sveio Kommune har drøfta behov for konsekvensutgreiing og kome til konklusjon at planen ikkje vil fella innafør kriteria om krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar.

Utdrag av kommunens vurdering:

Intensjonen med planarbeidet er å leggja til rette for fire fritidsbustader med tilhøyrande naust. Fritidsbustadene er i samsvar med kommuneplanen for Sveio. Naustføremålet er ikkje vist i overordna plan, og med det som bakgrunn må kommunen ta stilling til om det er behov for å stilla krav om konsekvensutgreiing for å sikra omsynet til allmenne interesser og om tiltak i samsvar med planen kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Sveio kommune har vurdert at det ikkje er naudsynt å gjennomføra fullstendig konsekvensutgreiing med planprogram i samband med reguleringsplanarbeidet. Grunngjevinga er at arealet som er tenkt nytta til naustføremål er særst avgrensa i planområdet. Føremålet vil bli plassert i aust, som fortetting av eksisterande naustutbygging i området. Frå «hammaren» i søraust og vidare vestover blir areala lagt inn med grønstruktur mot sjøen. Det er desse areala som er mest eigna som funksjonell strandsone.

Naustføremålet er vurdert opp mot føringane i Forskrift om konsekvensutgreiingar. Vedlegg I i forskrifta omtalar kva planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, og dette planarbeidet fell ikkje innanfor denne kategorien. Vedlegg II tek utgangspunkt i at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Med grunngeving som vist over om at framtidige tiltak langs sjøen omhandlar eit særst avgrensa areal og at mesteparten av strandsona skal liggja med grønstruktur, er konklusjonen at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing etter forskrifta eller plan- og bygningslova si § 4-2, andre ledd. Den samla konklusjonen er at føremålet fritidsbustad er i samsvar med gjeldande kommuneplan og naustføremålet er vurdert å ikkje få negative verknader for miljø og samfunn. Samtidig er det vurdert at dei reelle strandsoneverdiane i området blir sikra gjennom reguleringsplanen.

Sveio kommune er trygg på at dei viktige tema som skal sikra miljø- og samfunnsinteressa for dette området blir ivaretekne gjennom den ordinære planprosessen, og at dei vil utgjera ein stor del av planomtala. Det gjeld mellom anna naturmangfald, strandsonevern, landbruk, friluftsliv og trafikktryggleik.

2. Planprosessen

2.1 Varsel om oppstart

Det ble avholdt oppstartsmøte hos Sveio Kommune 25.06.2021. Oppstart av planarbeid ble annonsert 26.08.21 i Haugesund Avis og Vestavind i tillegg til Sveio kommune sine nettsider. Samstundes gjekk det ut varsling til naboar og berørte styresmakter. Frist for merknader blei sett til 30.09.21.

Annonsetekst.

Melding om oppstart av planarbeid – Ervesvika, Gnr/Bnr 105/2, Sveio kommune

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla at Lars Osa set i gang arbeid med detaljplan for eigedom 105/2 Ervesvika.

Planområdet er i arealdelen til kommuneplanen vist som blanda formål BH_1 - kombinert byggje- og anleggsføremål i tillegg til eit lite areal med LNFR-føremål heilt i vest, og er såleis delvis i samsvar med overordna planar.

Storleik på område er om lag 14 daa, sjå kartet under.

Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for 4 stk. hyttetomter med tilhøyrande naust.

Det er vurdert konsekvensutgreiing og Sveio kommune har konkludert med at planen ikkje fell inn under vilkåra for slik utgreiing.

Planarbeid vert utført av : Vikanes Bungum Arkitekter AS


Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Spørsmål om eller innspel til planarbeidet kan rettast til

*VIKANES BUNGUM Arkitekter AS,
v/ Velde, Pb. 358, 5501 Haugesund,
tlf. 90605494, e-post; velde@vikanes-bungum.no*

Frist for innspel er 30.09.21.

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på kommunen si heimeside under høyringar og kunngjeringar, her: <https://www.sveio.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/?Side=1>

Kartutsnitt



2.2 Innkomne merknader til melding av oppstart.

2.2.1 Statsforvaltaren. Merknad vedlagt.

Svar til merknad.

Vi viser til kapittel:

- 5.3 Strandsone og vassdrag,
- 5.4 Jordressursar
- 5.5 Barn og unges interesser
- 5.6 Forhold til kapittel II i Naturmangfaldlova
- 5.7 Folkehelsa

Det peikes på at formålet BH_1 (kombinert byggje- og anleggsføremål) i gjeldande kommuneplan går heilt ned til sjøkanten langs heile planområdet. I ny plan vil arealet frå sjøen heilt opp til byggjegrensa for sjø bli regulert til LNF formål med bruk for landbruksformål, beite eller jordbruksland og/eller som område for friluft og natur. Dette gir et meir samanhengande grønt felt i forlenging av LNF formål på vestsida av planavgrensinga og fram til naust og småbåthamnområdet. Sistnemnte område utgjør berre ca. 35 meter av til saman ca. 243 meter av sjøsona langs med planområdet.

2.2.2 Vestland Fylkeskommune. Merknad vedlagt.

Svar til merknad.

I følge kommuneplanen har Sveio kommune vedtak om at kommuneplanen er deira LA 21 plan som er ein oppfølging av Rio konvensjonane i 1992. Denne inneber at globale miljøutfordringar i det 21 århundre blir løyst gjennom lokale handlingar. Vedtaket er forpliktande i forhold til å ta miljøutfordringane på alvor, tenke langsiktig og i forhold til å skapa ein prosess med merdverknad frå breitt lag av innbyggjarar.

I ny plan vil formålet bli endra frå kombinert byggje- og anleggsformål til formålet fritidsbustad med naust og småbåthamn. Med gjeldande formål ville det blitt en desentralisert bustadbygging langt frå skule- og barnehagetilbod, fritids- og servicetilbod. Området rundt planområdet er i hovudsak fritidsbebyggelse, og denne planen vil styrke karakteren i området.

Det er blitt vurdert til ikkje å være nødvendig med ytterlegare informasjonsmøter med bebuarar rundt enn varsling av oppstart. Det er berre 3 stk. private naboar og 2 stk. myndigheter. Det er ein enkel plan å forstå. Forslagstillar er vaksen opp på garden tilhøyrande eigedom og er god kilde til lokal kunnskap og regionale interesser.

Ein påpeiker at formålet BH_1 (byggje- og anleggsformål) i gjeldande kommuneplan går heilt ned til sjøkanten langs heile planområdet. I ny plan vil arealet frå sjøen heilt opp til byggjegrænse for sjø bli regulert til LNF formål med bruk for landbruksformål, beite eller jordbruksland og/eller som området for friluft og natur. Dette gir eit meir samanhengande grønt felt i forlenging av LNF formål på vestsida fram til naust og småbåthamn. Sistnemnte område utgjør berre ca. 35 meter av til saman ca. 243 meter av sjøsonen langs med planområdet.

Det er i føresegner ivaretatt at bygning i terreng skal tilpassast terrenget best mogleg, og at kringliggjande terreng i minst moglege grad skal endrast som og er med å sikre økosystema.

ROS analyser visar illustrasjonar for høgvatn, 20 års stormflo og 200 års stormflo.

Det er i føresegner satt at det skal veljast materialer, produkt og tekniske løysningar med lang levetid og som er lite forureinande og som sørgjer for et godt innklima omsyn til så vel luftkvalitet som støynivå og dagslysnivå.

Planområdet sin geografiske plassering gjer at det pr. i dag er vanskeleg med kapasitet vedr. ladeinfrastruktur til lokale kraftnettselskaper.

Vi kan ikkje sjå at utvikling av planområdet vil gi dårlegare vassførekomster. Det er ingen elver, bekkar eller vassdrag i nærleiken.

For vurdering av kulturminner viser ein til kapittel 4.3 Kulturminner og kulturmiljø.

2.2.3 Statens vegvesen. Merknad vedlagt.

Svar til merknad.

Fv47 og E39 er hovedtrafikkårene i kommunen med stor gjennomgangstrafikk, spesielt E39. Ålfjordvegen fra E39 og ut til Erve er markert som gul i trafikkmengde kartet som betyr lågaste nivå med minst trafikk. Bebyggelse langs Ålfjordveien har parti med veldig låg bebyggelse og stader som Vågevågen som har tettare bebyggelse. Bebyggelse består stort sett av fritidsbebyggelse, naust og nokre gardsbygningar. Samferdselsutredning for Sveio konkluderer med at det meste av vegnettet i Sveio har en standard som ikkje tilfredstiller dagens krav til vegstandard. Dei fleste fylkes- og kommunale vegar er smale og svingete. I følge kartfesta oversikt frå Statens Vegvesen over

personskadeulykker i kommunen frå 1977 til 2015 er det ikkje talfesta noko på Ålfjordveien inn til Erve.

Det er planlagt ei avkjørsle frå Ålfjordveien og inn på ein adkomstvei til dei 4 fritidsbustadane. Det er tenkt at kvar tomt for fritidsbustad skal ha eigen plass til oppstilling for bil. Det vil bli minimal trafikk aktivitet her der opphald er sesongbasert og talet på tomter er lågt. Vei ned til sjøen vil berre bli brukt til av og på lessing. Åtkomst frå fritidsbustader og ned til sjøen vil truleg verta via snarveier/stiar i terrenget og via vegen ned. Det vil ikkje verta noko trafikkfarleg aktivitet for mjuke trafikantar.

Vedr. avkjørsel mot fylkesvegen må denne utbetrast som vist på situasjonsplan med radius og siktlinjer som ivaretar trafiksikkerheten.

2.2.4 Mattilsynet. Merknad er vedlagt.

Svar til merknad.

Mattilsynet har ingen merknader til tiltaket.

2.2.5 Fiskarlaget Vest. Merknad vedlagt.

Svar til merknad.

Det er berre 4 stk. naust med i planen med tilhøyrande båt plass. Da det er såpass grunt vann i sjøen utanfor naust formålet er fortløying tenkt ytterst på bryggene. Om bryggene blir flytebrygger eller faste brygger er ikkje bestemt i planprosessen, men det er i føresegnene sett at det fortrinnsvis skal brukast materialer med heterogen overflate som er fordelaktig for fauna med bløtbunnsone. Ein kan ikkje sjå at den type fiskeing, i tilknytning til fritidsbustadar, som er sesongbasert i dei periodane det er naturleg å bruka fritidsbustaden, skal ha negativ innverknad på fiskerinæringa i området.

3. Planstatus


3.1 Overordna planar

Nasjonale og regionale føringar som er aktuelle for denne planen.

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrka barn og unges interesser i planlegginga.
- Regional plan for areal og transport for Haugalandet.
- Lov om naturmangfald
- Lov om kulturminner
- T-1442 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
- T-1520 Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging

3.2 Gjeldande reguleringsplaner for området

Området har i gjeldande kommuneplan for Sveio hovudsakleg arealføremål *BH_1 kombinert bygge- og anleggs-føremål* i tillegg til eit lite areal med *LNFR-føremål* heilt i vest, og er såleis delvis i samsvar med overordna planar




Kommunale føringar.

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Planstrategi for Sveio kommune

4. Skildring av planområdet

4.1 Topografi og landskap.

Planområdet består stort sett av buskar og lauvtrær. Eit mindre areal i den austlege delen vest for eksisterande naust har noko lågare buskvekstar. Dette arealet er i kartunderlag definert som arealressursgrense. Sjå skisse nedanfor der området er merka med blå linje. Terrenget stig frå sjøkant til kote 21 ved Ålfjordveien.



Vegetasjon på planområdet som stort sett består av lauvtrær med eit mindre område med noko lågare vekster og buskar.



Sett frå sør med hovudbruket på eigedomen. Planområdet aust for bruket.



I følge NIBIO sitt markslagskart (AR5) består planområdet av Skog og fulldyrka jord.




I følge NGU sitt kartverk har området moderat til låg verdi for radon.

4.2 Soltilhøve


Planområdet har gode solforhold heile året.

4.3 Kulturminner og kulturmiljø

I Miljødirektoratet sin naturbase framgår det ingen kulturminner på sjølve området. Det er 3 stk. kulturminner like nord for området, og 1 stk. naturtype (merka som sirkel) like nordvest for området. Sjå illustrasjon nedanfor.



Del av Ervesundet ble i 2009 registrert som bløtbunnsone.



4.4 Bebyggelse i planområdet.

Det er 2 stk. naust på planområdet. Det minste ligg på sørsida. Dette er omkransa av ein del vegetasjon, er grått i farge og lite synleg for omgjevnadane.



Det andre ligg på austsida, er noko større i areal og er kvitmalt.



4.5 Rekreasjonsverdi/ landbruk.


Området har ein fin plassering ned til Ervessundet/Ervesvika. Ein stor del av eigedommen har dyrka mark, men den delen som er med i planavgrensing er dekkja av lauvtrær og buskar. Det fins ein tursti ned frå Ålfjordveien like ved garden der ein kan koma seg ned til strandkanten (på sørsida av planområdet) og ut til odden ved eksisterande uthus. Dette er eit flott område for opphald og rekreasjon.



4.6 Trafikkforhold.


4.6.1 Adkomst.

Adkomst til området er via Sveio sentrum på Tittelsnesveien innpå E39 og sørover. Ein tar så av på Vågeveien , fylkesvei 4982 austover. Denne går så over i Ålfjordvegen , fylkesvei 4944, som fører frem til Erve og planområdet.



4.6.2 Trafikkmengde.

Det er E39 og Fv 47 som har den høgaste trafikkmengda i Sveio Kommune. Ref. Sveio kommune sin trafikksikringsplan 2017-2028. Sjå oversikt for målt trafikkmengde i 2013 nedanfor.



4.7 Kollektivtilbod.

Næraste butikk vil ligga i Sveio Sentrum eller i Førde sentrum. Kollektiv trafikk vil gå langs E39.

5. Skildring av planframlegget

5.1 Egedomsinngrep

Eigedommen har et areal på 39,8 daa og strekk seg frå sjøen til innkjørsel til Tveit. Ønska areal for avgrensing til detaljplan er ca. 14 daa. Nedanfor vises grunnbokinformasjon

Grunnboksinformasjon

HJEMMELSOPLYSNINGER

Rettighetshavere til eiendomsrett

2017/429607-1/200 25.04.2017 21.00	HJEMMEL TIL EIENDOMSRETT VEDERLAG: NOK 0 ERVE AUD JORUNN SELVÅG F.NR: 181145
--	--

HEFTELSE

Dokumenter fra den manuelle grunnboken som antas å kun ha historisk betydning, eller som vedrører en matrikkelenhets grenser og areal, er ikke overført til denne matrikkelenheten sin grunnboksutskrift.

Servitutter tinglyst på hovedbruket/avgivereiendommen før fradelingsdatoen, eller før eventuelle arealoverføringer, er heller ikke overført. Disse finner du på grunnboksutskriften til hovedbruket/avgivereiendommen. For festenummer gjelder dette servitutter eldre enn festekontrakten.

1887/900064-1/49 25.04.1887	UTSKIFTING
1887/900065-1/49 25.04.1887	UTSKIFTING
1928/900303-1/49 05.11.1928	BESTEMMELSE OM VEG RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:105 BNR:5 Med flere bestemmelser
1931/900269-1/49 29.06.1931	BESTEMMELSE OM BEITERETT RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:105 BNR:8 Med flere bestemmelser
1934/900588-1/49 15.02.1934	BESTEMMELSE OM VEG RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:105 BNR:11 Med flere bestemmelser
1947/2495-1/49 12.11.1947	ELEKTRISKE KRAFTLINJER Rettighetshaver: Karmsund Kraftlag.
1951/2519-1/49 22.10.1951	BESTEMMELSE OM VANNRETT RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:23 BNR:16
1961/1427-1/49 02.05.1961	JORDSKIFTE GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
1962/990417-1/49 29.06.1962	ELEKTRISKE KRAFTLINJER Rettighetshaver: Karmsund Kraftlag.
1968/4177-3/49 04.09.1968	BESTEMMELSE OM VEG RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:105 BNR:25 Bestemmelse om vannrett
1969/5217-2/49 23.09.1969	BESTEMMELSE OM VANNRETT RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:105 BNR:26
1978/1559-1/49 13.02.1978	ERKLÆRING/AVTALE Vegvesenets betingelser vedtatt
1978/11659-1/49 22.02.1978	BESTEMMELSE OM VEG

Grunnboksinformasjon fra Statens kartverk Data uthentet: 12.08.2021 kl. 09.32
Oppdatert per: 12.08.2021 kl. 09.31

Kommune: 4612 SVEIO
Gnr: 105 Bnr: 2

2013/492802-3/200
17.06.2013

BESTEMMELSE OM VEG
RETTIGHETSHAVER: KNR:4612 GNR:104 BNR:67
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE

2017/451377-1/200
01.05.2017 06.01

PANTEDOKUMENT
BELØP: NOK 1 000 000
PANTHAVER: SPAREBANKEN VEST BOLIGKREDITT AS
ORG.NR: 992 710 691
PANTHAVER: SPAREBANKEN VEST
ORG.NR: 832 554 332
ELEKTRONISK INNSENDT

2021/536243-1/200
06.05.2021 11.27

**** MASSETRANSPORT**
FRA: SPAREBANKEN VEST
ORG.NR: 832 554 332
TIL: SPAREBANKEN VEST BOLIGKREDITT AS
ORG.NR: 992 710 691
TIL: SPAREBANKEN VEST
ORG.NR: 832 554 332
ELEKTRONISK INNSENDT

GRUNNDATA

1875/900009-1/49
22.04.1875

REGISTRERING AV GRUNN
DENNE MATRIKKELENHET OPPRETTET FRA: KNR:4612 GNR:105
BNR:3

1928/900195-1/49
05.11.1928

REGISTRERING AV GRUNN
UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:4612 GNR:105 BNR:5

1931/900118-1/49
29.06.1931

REGISTRERING AV GRUNN
UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:4612 GNR:105 BNR:8

1941/1262-1/49
15.08.1941

REGISTRERING AV GRUNN
UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:4612 GNR:105
BNR:13

1968/4177-1/49
04.09.1968

REGISTRERING AV GRUNN
UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:4612 GNR:105
BNR:25

2020/204587-1/200
01.01.2020 00.00

OMNUMMERERING VED KOMMUNEENDRING
TIDLIGERE: KNR:1216 GNR:105 BNR:2

For eventuelle utleggs- og arrestforretninger, samt forbehold tatt ved avhendelse, som tinglyses samme dag som andre frivillige rettsstiftelser, gjelder særskilte prioritetsregler, se tinglysingsloven § 20 andre ledd og § 21 tredje ledd.

5.2 Reguleringsformål

I planforslaget er det sett av areal til følgende føremål:

- Fritidsbusetnad
- Naust
- Køyreveg
- Anna vegareal grønt
- Felles grønt areal
- Småbåthamn/brygger
- LNF formål

5.2.1 Fritidsbusetnad, F1

Det er i planforslag lagt opp til 4 stk. tomter for fritidsbusetnad. Grense for tomtene mot sjøen er satt i gjeldende byggegrense mot sjø. Tomtene er nummerert med 1-4 og er på litt i overkant av 1 daa med unntak av tomt 1 som ligger på ca. 1,3 daa. Bebyggelse skal tilpassast terreng, vegetasjon og eksisterande bebyggelse. Yttermateriale skal bestå av tremateriale eller naturstein. Vegetasjon vil bli berørt minst mulig, men skog må ryddast ifht. utsikt og lys. Åtkomst frå fritidsbustadane vil vera via fellesvei. Parkering vil bli innpå eigen tomt.

5.2.2 Naust, N1 og N2

I dag er det oppført 2 naust på planområdet. Disse er beskrivne i avsnitt 4.2. Det er ønskelig at naust mot sør skal høyre til hovudbruket. Naust mot aust blir 1 av dei 4 det er ønskelig å etablere her. Eksisterande naust er i dårlig stand og det må difor åpnast for at det er mulig å rive disse og setje opp nye med opprinneleg størrelse. Om mulig å rehabilitere. Nye naust skal utførast i henhold til føresegner i ny plan som er satt opp med grunnlag i kommuneplanens føresegner. Det blir tillate å bygga brygger i tilknytning til naust. Naust skal ikkje byggjast slik at dei stenger for allmenn ferdsel ved sjøen. Stengsel som kan hindra persontilgang til naustområdet og bryggjer er ikkje tillate.

5.2.3 Køyreveg, KV1

KV er i planforslag regulert til 4 meter breidde som vil ivareta vegen sin funksjon med åtkomst frå 4 stk. tomter, og nedkøyring til sjøen for av- og pålessing. Vedr. avkjørsel mot fylkesvegen må denne utbetrast som vist med radius og siktlinjer som ivaretar trafikksikkerheten. Frå fylkesvegens kant og inntil 7 meter på adkomstvei vil det være same høgde slik at bilane har god sikt før utkjørsel. Herifrå vil vegen gå med eit fall på 1:10 ned til åtkomst tomter. Vidare frå svingen på KV blir det noko brattare, og fallet ned til sjøen blir ca. 1.5. På dette partiet vil det vera mindre trafikk. Det er berre for av og pålessing det skal brukast bil her. For åtkomst frå tomtene vil det sannsynligvis ta lenger tid å ta fram bilen enn å gå ned til sjøen.

5.2.4 Parkering, P

Parkering for fritidsbustadar vil vera inne på eigen eigedom.

5.2.5 Annen veggrunn grønt areal. AVG1

Dette arealet vil ta opp skråninga mot fylkesvegen.

5.2.6 Felles grønt areal. FG

Arealet skal være en felles møteplass for opphald ved sjøen og naust.

5.2.7 Småbåthamn/brygger. SMH1

Det vil på området vera mulig å etablere kai, brygger (faste og flytande) og båtfeste for småbåtar. Det er fylt opp og i sjøkanten og laga mur for eksisterande naust. Plassering er valt grunna grunt vatn. Nye naust vil ligga på land men vil ha tilhøyrande brygger med nok lengde for tilfredsstillande forhold for å legge til for båt.

5.2.8 LNF formål. LNF

Området som ligg opp mot gardsbruket på vestsida vil bestå av trær og buskar og er ikkje dyrka mark i dag. Men det vil bli regulert i ny plan som LNF formål i forlenging av gjeldande LNF formål. Arealet på sørsida av tomtene er i gjeldande plan regulert til kombinert formål BH. Ein del av dette arealet er opparbeida dyrka mark, og det vil nå bli regulert til LNF slik at det blir et samanhengande areal med resten av eigedommen.

5.3 Strandsone og vassdrag

Avgrensing for plan tar med seg strandsone frå den nordlige sjøkanten i Ervesbukta, rundt odden og ca. 50 meter nordover til eigedomsgrensa mot nord. For ca. 35 meter av denne sida ønskes det ein fortetting av eksisterande naustbebyggelse langs Ervessundet. Resten av strandsona vil forbli urørt og regulert med grønstruktur mot sjøen. På sjølve arealet for småbåthamn er det ikkje berre funksjonane i samband med båtfeste som er viktig. Det vil og gi muligheit for opphald på brygger med bading og avslapping. Med denne løysninga der naustformålet er såpass avgrensa kan vi ikkje sjå at planen vil få negative verknader for stransoneverdiane i området.

5.4 Jordressursar/landbruk/gjenbruk.

På planområdet er det et areal som i kartunderlag er definert som arealressursgrense. I følge NIBIO sit markslagskart (AR5) er dette arealet satt til Skog og fulldyrka jord. Det blir ikkje brukt til dyrka jord i dag og det er heller ikkje mulig då arealet er skrått med 7 høgdemeter og berg og fjell. Dermed vil ikkje hovudbruket mista dyrka mark. Skogen på området består av kratt skog og mindre antal store trær. Denne delen av eigedomen har aldri vore en del av skogsbruket og vil ikkje gi redusert skogsareal. Området er ikkje sett med noko registreringar i forhold til skogdrift i kartportalene Naturbase, Kilden og NIBIO

5.5 Barn og unges interesser.

Det er ikkje krav til lekeplassar, men det er avsett eit felles grøntområde ved sjøen for opphald for eigarar av fritidsbustadar og naust. Området rundt tomter gir og store muligheiter for aktiviteter og friluftsopphald.

5.6 Forholdet til krava i kapittel II i Naturmangfoldlova

Naturforhold (ref. naturmangfoldlova kapittel II, § 8-12)

Krav til kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfoldet. Risiko for skade vil vera avgjerande om det vil verta naudsynt med ytterligere undersøkingar.

Som nemnt i punkt 4.3 er deler av Ervesundet i 2009 registrert som bløtbunnsone. Bløtbunnsone har fauna som lever i eller på sjøbotn bestående av lausavsetningar som leire, silt, sand, skjelsand og organisk materiale.

Etablering av kaiar kan medføre habitatendringar. Dette kan endra straumforhold, lysforhold og sedimentasjonsforhold på staden. Nye kaiar vil bli kolonisert av marine organismar (som er meir karakteristiske for hardbotn). Ved etablering av kaiar på bløttbunn kan det medføre at artar som vanlegvis lever på hardbotnsområder etablerer seg i områder dei ikkje har naturleg habitat.

Betongkaiar vil ha svært homogen overflate og favoriserer visse artar. Slike konstruksjonar vil mangla mikrohabetatar som gir skjul for predatorar og ly for stressande miljøforhold samanlikna med naturleg harde overflater. Alternativ til betongkai vil til dømes vera kai mura med stein ha ein meir heterogen og naturliknande overflate.

Kilde: Rapport «Effekter av maritim infrastruktur på økologisk tilstand i vannforekomster» av Multiconsult.

Sjølv om småbåthamn-formålet her ligg i ei sone for bløttbunn vil likevel planen kunne forsvarast med at det er eit så redusert areal som skal gå til brygger og kai, og at det blir sett i føresegnene at materialer som gir ei meir heterogen overflate skal føretrekkjas som bryggemateriale.

5.7 Folkehelse

Planar skal i høve til plan- og bygningslova § 3-1 første ledd bokstav «fremma befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskjellar, samt bidra til å førebyggja kriminalitet».

Punkt som i dette planforslag er med å fremme folkehelsa:

Funksjons- og kvalitetskrav til bygningar.
Føremålet fritidsbustad, naust og brygger.
Universell utforming i utforming av bygningar.
Omsyn til lydkrav.
Rekkjefølgjekrav i føresegner for gjennomføring av tiltak.

Planen er med på fremme folkehelsa då føremålet er fritidsbustad, naust og brygger. Desse formåla gir moglegheit for rekreasjon, avslapping, friluftaktivitet i naturen og samhald og sosialt samvær. Nydelige forhold for fiske og bading i fjorden.

Fritidsbustader skal utformas slik at funksjonskrav og kvalitetskrav er ivarettatt.

5.8 Renovasjon.

I området er det felles plasser for renovasjon langs Ålfjordveien.

5.9 Støy

Miljødepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, skal leggjast til grunn for gjennomføring av planforslaget, og nødvendige støytiltak eller dei ein kvar tid gjeldande føresegner, vedtekter og retningslinjer som erstattar disse.

5.10 Overvasshandtering, trafo

Området er ikkje knytt til offentleg vatn og kloakk. Fritidsbustadane vil ha ei felles privat løysning.

5.11 ROS analyse

Ein legg ROS analyse ved som vedlegg